

# LEXICONORDICA

19 · 2012

BETYDELSEBESKRIVNINGAR  
I NORDISKA ORDBÖCKER

SÆRTTRYK

NORDISKA FÖRENINGEN FÖR LEXIKOGRAFI

**LexicoNordica 19 · 2012**  
Betydelsebeskrivningar i nordiska ordböcker

**Huvudredaktörer**

Henrik Lorentzen

Emma Sköldberg

**Redaktionskommitté**

Christian Becker-Christensen

Sturla Berg-Olsen

Annika Karlholm

Veturliði G. Óskarsson

Mariann Skog-Södersved

© 2012 LexicoNordica och författarna

Omslag och sättning: Laurids Kristian Fahl

Tryckt hos: Tarm Bogtryk a-s, Danmark

LexicoNordica trycks med ekonomiskt stöd av  
Nordplus Nordiska språk

ISSN 0805-2735

# INNEHÅLL

<i>Henrik Lorentzen &amp; Emma Sköldberg</i>	
Betydelsebeskrivningar i nordiska ordböcker .....	9
<b>Tematiska bidrag</b>	
<i>Madeleine Halmøy &amp; Sturla Berg-Olsen</i>	
I leksikografiens periferi	
– tydingsbeskrivning av <i>som</i> i <i>Norsk Ordbok</i> .....	17
<i>Anna Helga Hannesdóttir</i>	
Ekvivalensrelationer i tvåspråkig lexikografi .....	39
<i>Henrik Hovmark</i>	
Betydningsbeskrivelse og prototypeteori.....	59
<i>Henrik Lorentzen &amp; Lars Trap-Jensen</i>	
Nödvändigt, tilstrækkeligt, typisk?	
– nogle tanker om definitionspraksis.....	79
<i>Kristina Nikula</i>	
Samspelet mellan text och bild i	
enspråkigt svenska ordböcker.....	103
<i>Carina Nilstun</i>	
Fra dype betydningshierarkier til flatere struktur	
– et innblikk i revisjonen av <i>Norsk Riksmålsordbok</i> .....	123
<i>Nina Pilke &amp; Jaana Puskala</i>	
Vem förvarvar, vem forskar och vem liknar Greta Garbo?	
Om fackspråklighet och könsbundna beteckningar i	
betydelsebeskrivningar .....	141

*Bodil Rosqvist*

- Kollokationers roll i SAOB:s betydelsebeskrivning ..... 163

*Emma Sköldberg*

- Tummen upp eller tummen ner?*

- Om användning och beskrivning av konventionaliseringade  
gester i svenska ..... 183

### Icke-tematiska bidrag

*Henning Bergenholz & Bjarni Norddahl*

- Ordbogsartikler, som ingen læser ..... 207

### Recensioner

*Simon Skovgaard Boeck*

- Leksikografihistorien krydser grænser ..... 227

*Oddrun Grønvik*

- Digital leksikografi og funksjonsteoretiske briller ..... 239

*Jan Hoel*

- Appslutt fingerferdig!

- En anmeldelse av ordbokappene RO og SAOL ..... 255

*Kjeld Kristensen*

- Tre svensk-danske ordbøger på nettet ..... 273

*Lisa Loenheim*

- Lexins svenska lexikon ..... 295

*Anki Mattisson*

- Två band av Norsk Ordbok 2014 ..... 317

*Loránd-Levente Pálfi*

- Europæiske encyklopædier og storordbøger ..... 325

*Staffan Wahlgren*

Et norsk antikkleksikon – en anmeldelse..... 337

**Rapporter och meddelanden***Ilse Cantell & Caroline Sandström*

Ordboken över finska dialekter nu på nätet ..... 349

Innbydelse til den tolvte konferansen om

leksikografi i Norden..... 351

*Håkan Jansson*

Rapport från 15:e EURALEX-kongressen ..... 355

**Redaktionellt .....** 365



# Digital leksikografi og funksjonsteoretiske briller

*Oddrun Grønvik*

Pedro A. Fuertes-Olivera & Henning Bergenholz (red.): *e-Lexicography. The Internet, Digital Initiatives and Lexicography*. London/New York: Continuum 2011. 341 sider. Pris 150 USD.

## 1. Presentasjon

Denne boka kom i 2011, og framstår som ei blanding av rapport frå eit symposium og ein intensjon om å vera noko meir heilskapleg – ei artikkelsamling om «e-lexicography» (heretter i denne omtalen «digital leksikografi») med kapittelinnndeling (eitt kapittel per artikkkel). Boka er stor, godt over 300 tettskrivne sider, og emnet er omfattande nok til å fortæna god plass.

Eg hører til dei som gjerne les baksideteksten først. Denne boka har eit par glødande omtalar frå vel kjende kollegaer, Yukio Tono og Gilles-Maurice de Schryver, som opning på den vanlege forlagspresentasjonen. Det går ikkje fram kva slags fråseigner dette er, eller korleis opphavsmennene har kome til å lesa denne boka før publisering, men ordbruken er sterkt:

This book makes it abundantly clear that dictionaries as we know them are indeed a thing of the past [...] unlike similar studies, a serious attempt is made at also embedding the (future) discipline into a theoretical framework. For this reason alone, this book must be on every lexicographer's desk. (de Schryver)

Ei så sterk tilråding gjer at ein undrast. Ei gjeven forsamling kan ikkje tala for eit heilt fagmiljø av leksikografer og informatikarar. Eg reknar derfor med at det kollektivet som står attom denne boka, er klar over at det er eit mishøve mellom den altomfattande tittelen og lanseringsteksten på den eine sida, og dei røynslene og det tilfanget som kjem fram gjennom artiklane på den andre.

Både tittel og eigenpresentasjon opnar for ei meir drøftande handsaming av innhaldet enn i ei vanleg bokmelding. Eg nyttar derfor dette høver til å sjå nærmare på nokre hovudtesar som blir sett fram i denne boka – stikkord er funksjonsteorien, behovet for nytt teoretisk fundament for all leksikografi, og sjølve presentasjonen av digital leksikografi som praktisk og vitskapleg verksemد.

## 2. Kva slags bok?

Sjangerblanding er ikkje prinsipielt forkasteleg, men det bør ikkje føre til at ein blir uviss på føremålet med boka. I dette tilfellet er det grunnlag for slik uvisse. Boka blir presentert som ein autorativ gjennomgang av digital leksikografi, i form av symposiebidrag og andre artiklar. Men store delar av boka går til å utforska og argumentera for sider ved ein bestemt teori (som den eine redaktören er ein av opphavsmennene til), anten prinsipielt eller i høve til einskildprosjekt, medan andre miljø og innfallsvinklar knapt er nemnde. Ein kan få inntrykk av at redaktørane ønskjer å selja inn sin versjon av digital leksikografi som gjeldande og uomstridd sanning for heile feltet digital leksikografi. Det ville i så fall vera uehdig, for status er både meir samansett og på somme vis enklare enn boka gjev inntrykk av.

Er boka ein lett kamuflert rapport frå ei fagleg tilstelling? Ikkje så lett å seia. Universitetet i Valladolid organiserte i 2010 eit internasjonalt symposium om digital leksikografi, som Henning Bergenholz var med på å gjennomføra. Føreordet opplyser at somme

av artiklane – eller kapitla – i boka byggjer på innlegg som vart haldne der, men det står ikkje kva for nokre. Denne boka kallar seg i alle fall ikkje rapport, men har likevel eit sluttkapittel (kapittel 15) som summerer opp den avsluttande diskusjonen ved symposiet i Valladolid, som eit frampeik om kva symposiedeltakarane meiner blir viktige emne innanfor feltet i åra som kjem.

Kan boka fungere som lærebok, eller som samla framstilling av digital leksikografi? Ingen av delane. I føreordet til redaktørane blir boka presentert som ei artikkelsamling med eit sams føremål:

All the articles in this book [...] explore the state of art in e-lexicography by studying how new lexicographical concepts are expected to shape lexicographical innovations in the near future. (s. 1)

Dette er – igjen – store ord, og det står att å sjå om vi her sit att med mykje skrik og lite ull.

### 3. Innhaldet

Boka opnar med eit stutt føreord som gjer greie for symposiet ved universitetet i Valladolid. Deretter følgjer ein utførleg presentasjon av bidragsytarane, og ei innleiing ved redaktørane med omtale av kvart bidrag (kapittel).

Dei seks første artiklane (kapittel 1–6) knyter seg ifølgje innleiinga særskilt til den leksikografiske teorien som er utvikla av Bergenholz og Tarp – funksjonsteorien. Her er stikkord til innhaldet i desse kapitla: (1) Rufus H. Gouws freistar å gje eit oversyn over leksikografisk teori i dei siste 50 åra, i lys av ein hovudpunkt om at leksikografi held på å forvandla seg frå å vera eit fagleg underbruk av lingvistikk til å bli eit meir generelt multimedium-kommunikasjonsfag. (2) Henning Bergenholz presenterer to kva-

litative observasjonsundersøkingar av brukaråtferd andsynes digitale (leksikografiske) informasjonskjelder. Føremålet er å drøfta kva for kjelder som raskast dekkjer brukarbehova. (3) Sven Tarp skriv om behovet for å individualisera tilgjengen til digitale leksikografiske produkt for å tilfredsstilla brukarbehov. Her blir tankane som er presenterte av Gouws, utdjupa. (4) Theo J. D. Bothma tek for seg metodar for å inkludera, filtrera og leggja til rette data frå nettet, som svar på brukarbehov for informasjon. (5) Dennis Spohr skriv om korleis ein kan byggja inn filtrering av brukarbehov i søkjesystem for leksikografiske data. (6) Patrick Leroyer drøftar fire etter måten små og spesialiserte døme på digitale leksikografiske verkty i lys av behov for brukartilpassing.

Artiklane i kapittel 7–10 og 12–13 tek for seg einskildprosjekt. (7) Sandro Nielsen og Richard Almind presenterer *Regnskabsordbøgerne*, ein trespråkleg database for rekneskapsterminologi med danske, engelske og spanske termar. (8) Pedro A. Fuertes-Olivera og Marta Niño-Amo omtalar den spanske enden av same prosjekt. (9) Henning og Inger Bergenholz legg fram arbeidet med *Musikordbogen* i digital utgåve, som tek høgd for brukarar med ulike kunnskapsnivå. (10) Birger Andersen og Richard Almind presenterer arbeidet med å konstruera ein database for engelske og danske fraseverb og omsetjing av slike verb frå det eine språket til det andre. (12) Aquilino Sánchez og Pascual Cantos gjev ein omtale av spanske digitale ordbøker og ein multimediemodell for definering i digitale oppslagsverk. (13) Serge Verlinde skriv om freistnaden på å laga eit optimalt interaktivt brukargrensesnitt til å søkja i franske leksikalske ordbasar (*Base lexicale du français*).

Artiklane i kapittel 11 og 14 skil seg ut ved handtera meir generelle emne. Robert Lew gjer i kapittel 11 greie for utval og typar av nettordbøker for engelsk, utan referanse til funksjonsteorien. Ulrich Heid skriv i kapittel 14 om eit forsøk der ein generell metode for utprøving av IKT-hjelphemiddel blir nytta på digitale ordboksbasar (meir om både desse bidraga i avsnitt 3.5).

### 3.1. Funksjonsteorien

Sidan innhaldet i denne boka er så sterkt knytt opp mot funksjonsteorien Bergenholz og Tarp har formulert (her mest omfattande framstilt av Tarp på side 65), må det seiast noko om den. Hovudteiane i denne teorien er at leksikografiske verkty skal vera optimalt brukarvenlege

- i høve til einskildbrukaren
- i høve til det konkrete eingangsbehovet for informasjon
- i høve til fire ulike bruksbehov (kognitiv, kommunikativ, operasjonell eller interpretativ situasjon, eller kombinasjonar av desse)

Dei fire brukarbehova knyter seg til behovet for å (1) få vita noko (kognitiv bruk), (2) løysa eit problem knytt til tekstkomunikasjon, (3) løysa eit språkleg utføringsproblem, (4) forstå eller tolka ikkje-tekstlege eller ikkje-verbale fenomen eller symbol.

Målet for leksikografiske verkty ifølgje funksjonsteorien er at alle ordboksbrukarar skal få tilfredsstilt informasjonsbehovet sitt mest mogleg presist ved så få søk og tastetrykk og så lite tidsbruk som mogleg, og påstanden er at denne sida ved digital leksikografi blir gjeven for lite omtanke.

Teoriens opphavsmenn postulerer ein standardbrukar som stiller eit heilt presist spørsmål og får attende eit like presist svar på nett det han spurde om og ikkje noko anna. Dei ser løysinga i mest mogleg individuell tilpassing av digitale leksikografiske verkty, både når det gjeld informasjonsnivå (frå elementær til avansert), spesifiseringsgrad (generell til spesifik) og bruksbehov (funksjonsteoriens fire brukarbehov).

Eg trur ikkje heilt på denne standardbrukaren. Det høyrer med til moderne informasjonssøking å ha høve til å vurdera kjelder og kontekstar for konkrete opplysningar. Veldig raske søk-svar-

operasjonar krev ein høg grad av tillit frå brukar til informasjonsresurs. Dette er lett å oppnå for elementære ordboksresursar, mellom anna fordi det som regel finst fleire produkt som kan jamførast. For brukarar av termordbøker står meir på spel. Brukaren skal syna at han meistrar faget, og då kjem ein ikkje utanom ei kritisk haldning også til veletablerte informasjonsresursar. Kjelder og kontekst må til, noko dei ansvarlege for rekneskapsordbøkene sjølv sagt har teki omsyn til (sjå s. 151ff om datagrunnlaget).

Funksjonsteorien kan tolkast som ein praktisk orientert hypotese om brukarønske som det er uråd å vera usamdi. Men teorien formulerer ikkje alle brukarbehov, til dømes ikkje behovet for at det spesifikke spørsmålet skal få sitt svar i høve til ein heilskap, eller at sanningsinnhaldet i svaret skal vera kjeldefest eller kvalitetsikra, og døma i boka syner at også funksjonsteoriens tilhengjarar veit dette.

Det finst ei veletablert praktisk løysing på funksjonsteoriens krav om individuell tilpassing. Relasjonsdatabasar er som skapte til oppbevaringsplassar for finkategorisert informasjon (sjå t.d. *Norsk dataordbok* for definisjonar). Dette er også den løysinga som fleire av forfattarane går inn for, etter det eg kan forstå, endå om nemninga «relational database» ikkje er nytta i boka (sjå t.d. Bothma s. 98f og Spohr s. 103f). I relasjonsdatabasar kan ein ordna informasjonen i kategoriar og organisera dei i høve til kvarandre (i tre, hierarki, parallell osb.). Vanlege leksikografiske kategoriar er til dømes lemma, ordklasse, definisjon, synonym, døme osv., og kvar kategori kan spesifiserast og utstyrast med tilleggs-kategoriar. Såleis er det vanleg å knyta stil- og sjangermerking til definisjonar, og kjeldeinformasjon til sitat. Innanfor eit anna fagområde, til dømes eit blodbankregister eller ein artsdatabank, vil sjølv sagt kategoriene og kategoriorganiseringa vera annleis, men hovudprinsippa er dei same.

Informasjon som er lagra i ein relasjonsdatabase, kan dragast ut på like mange måtar som ein kan kombinera søkjekriterium.

Det å formulera og gjennomføra eit søk, er det same som å filtrera dataa i basen. For somme digitale ordbøker er det laga tilpassa grensesnitt som svar på ulike stipulerte brukarbehov. Bergenholz og fleire av kollegaene hans ved Universitetet i Aarhus er uttrykte tilhengjarar av tilpassa grensesnitt, og omtalar dei databaseutdraga ein slik kan oppnå, som ulike «ordbøker» (s. 37f), tilpassa brukrar med ulike behov (jf øg Nielsen & Almind s. 141f og Andersen & Almind s. 208f). Det er ein uheldig ordbruk som gjev inntrykk av at den aktuelle databasen er meir oppstykkja og mindre multifunksjonell enn han faktisk er. Grensesnitt i form av førehandssette kombinasjonar av felt er ikkje til hinder for å gjera kategorisystemet generelt tilgjengeleg for søk. Svært mange databaseeigarar gjev no brukarane valet mellom eit eller fleire førehandsdefinerte standardsøk og ein avansert søkjemodus der brukaren sjølv set opp søket sitt. Til dømes vil standardvisninga av tilslag i store ordboksverk, som *Oxford English Dictionary* eller *Norsk Ordbok 2014*, ofte visa somme kategoriar, som definisjonar og sitat, men ikkje det som gjeld ordhistorie. For å få ordhistoria, må ein be om det (utvida søket, klikka på eit ikon innanfor artikkelen eller liknande). Får ein tilslag i fleire ordartiklar i *Norsk Ordbok*, blir berre oppslagsord og første definisjon vist.

Dermed er det ikkje naudsynt, av faglege eller prinsipielle grunnar, med for og mot-diskusjonar av kva ein databasebrukar kan rå med. Dei som vil bruke standardsøk, kan gjera det, er det høve til å formulera eigne søk, kan dei som vil, gjera det.

### 3.2. Augneblinksbehov versus heilskap og autoritet

Eg nemnde ovanfor at funksjonsteoriens ekstremkrav om straks-tilfredsstilling av brukarbehov ser bort frå nokre rammebehov som finst hos kunnskapstørste databasebrukarar. Det eine er behovet for heilskap, det andre for ein rimeleg grad av kvalitetssikra autoritet. Kort sagt, når ein vil ha svar på eit spørsmål, vil ein ikkje

berre vita svaret; alt etter spørsmålets art vil ein vita om det finst berre eitt korrekt svar, om dette svaret er allment godteke eller ein isolert påstand, og om det ein spør om er ein detalj eller del av eit større spørsmål, og så bortetter. I ordbøker, både eitt- og fleirspråklege, vil gjerne artikkelstorleiken gje noko av svaret – dess kortare artikkel, dess meir absolutt svar. I ei allmennordbok gjer polysemi og multifunksjonalitet i det sentrale ordtilfanget at spørsmål om tyding og bruk ikkje kan få så absolute svar, om ein spør om til dømes bruken av ein preposisjon, eller eit vanleg substantiv, som *rett* eller *hus*.

At heilskap og autoritet er litt mindre viktig i dei ordboksprosjekta som er omtala i denne boka, er elles ikkje rart, for dei fleste representerer etter måten einsarta delmengder av språk. Fleire er terminologiordbøker, og då er fagkonsensus attom svara del av dei usagde premissane. Andre er frase- eller idiomordbøker – delmengder av språk med leksikaliserte og faste tydingar og bruksmåtar, der den underforståtte autoriteten igjen er konsensus mellom sikre språkbrukarar. Likevel er det urimeleg å sjå bort frå at stadfesting av denne konsensusen, til dømes gjennom ein ansvarleg redaktør eller tilgjenge til kjeldene, også er eit brukarbehov. Slike behov kan ikkje stettast berre ved detaljert brukarprofilering.

### 3.3. Omdefinering av leksikografien som fag?

Så til det som gjer denne boka vanskeleg å handtera – dei sterke påstandane om kva leksikografisk teori, leksikografar og leksikografiske produkt er, ikkje er og bør vera. Sjå særleg innleiinga, kapittel 1 (Gouws) og kapittel 9 (Bergenholtz & Bergenholtz). Det er bra med debattglede, og mykje av det som er hevda på meir generelt nivå ville gjera seg godt i munnlege oppgjer, bloggar og på debattsidene i aviser. Men når det kjem samla, i ei bok som føregjев å vera autoritativ (jamfør baksideomtalene), må det seiast at somme synspunkt korkje er underbygde av klår argumentasjon

eller overtydande dokumentasjon. Det gjeld både påpeikingar av feilslutningar, veikskapar og mistydingar hos andre og argumentasjon for at dei teoriane og løysingane som her er presenterte, verkeleg er retningsgjevande for framtidig digital leksikografi. Mi hovudinnvending er manglande klarleik og stringens i handsamminga av desse emna, der dei kjem opp. Det er stutt sagt ikkje alltid godt å forstå kva forfattarane meiner.

Ein hovudpåstand frå Gouws (kap. 1) og Bergenholz & Bergenholz (s. 189) er at vitskapleg leksikografisk teori finst og er eit mogleg forskings- og studieobjekt innanfor akademia. Det kan ein vera samd i på generelt grunnlag. Diverre blir det ikkje argumentert godt for kva leksikografisk teori bør vera og korleis han skil seg frå lingvistisk teori, medieteori eller IKT-teori, korkje i første del av kapittel 9 (Bergenholz & Bergenholz) eller i kapittel 1 (Gouws). Det er vel rimeleg å anta at funksjonsteorien har ein plass i den påemna generelle leksikografiske teorien, men framstillinga er ikkje klar nok til drøfting. Gouws ønskjer seg ein leksikografisk teori som omfattar ikkje-leksikografiske oppslagsverk (s. 26).

Kva leksikografisk teori bør bestå av, og kva grenseflatar han har mot det teoretiske grunnlaget for lingvistikk, IKT og medie- og kommunikasjonslære, er emne som gjerne kan utdjupast ved eit anna høve. Ein slik diskusjon burde kunne bli livleg, gjeve at usemja leksikografar imellom om kva slags teoretisk tilnærming som er nyttig eller viktig, ser ut til å vera sterk og førebels utan tydelege konklusjonar, jf. Rundell (2012:83–85).

Gouws hevdar i sitt oversyn over utviklinga av leksikografisk teori at

The linguistic liberation also led to a linguist liberation.  
Not only is lexicography no longer a subspecies of linguistics, but lexicographers are no longer a subspecies of linguists. (s. 26)

Altså ei frigjering ikkje av, men frå lingvistikken. Gouws ser ut til å ha som ønskjemål at leksikografi skal omdefinerast til informasjonsvitenskap, der innhenting og systematisering av kunnskap skal vera hovudsaka. Kunnskapen skal omfatta kunnskap om språk, einskildord, tydingar og kulturell kontekst, men ikkje vera avgrensa til den lingvistiske forståinga av desse kategoriane. Alle slags kjelder som kan gje realkunnskap, skal kunna brukast. Leksikografen treng ikkje vera lingvist, og lingvistiske kriterium skal ikkje avgrensa det som kan koma med i slik informasjonsformidling.

Her blir eg skeptisk. All mi røynsle tilseier at lingvistisk kategorisering er naudsynt basiskunnskap for leksikografar og for den saks skuld terminologar. Det er av di sjølvé leksikografiens omgrepsapparat – nytta som kategorititlar – i stor grad er sams med lingvistikkens, og det skal brukast i samsvar med god leksikografisk og lingvistisk skikk til å sortera og ordna datatilfanget. Andre stader i boka viser forfattarane at dei lener seg tungt på tradisjonal lingvistisk teori og klassifisering. Dei ordboksprosjekta som er nemnde (ein ordboksdatabase med faste uttrykk, ein ordboksdatabase for rekneskapstermar og ei musikkordbok), har oppslagsord (lemma), definisjonar, synonym og antonym. Ein må undrast over påstandar som den som er sitert ovanfor, gjeve at leksikografi – same korleis ein snur og vender på saka – handlar om å formidla informasjon om sambanda mellom ord og omgrep, og dei ulike former og uttrykk slike samband kan ha. Noko anna er at ei terminologisk ordbok nødvendigvis må ha ein sterk fagredaksjon – den lingvistiske kunnskapen må likevel vera med.

### 3.4. Kva er nytt og kva er ukjent?

Artiklane spriker kraftig i forventningane til lesarane. I innleiinga blir det hevda at leksikografar flest ikkje forstår skilnaden mellom ein leksikografisk database og ei papirordbok. Ei lang forklaring av

føremonene med digital leksikografi følgjer. På side 80 kunngjer derimot Bothma at standard databaseteknologi ikkje vil bli drøfta i hans artikkel, ettersom den er i vanleg bruk i digital leksikografi. Deretter blir det gjort greie for søking og navigering, brukarprofiling og filtrering, sporing av brukaråtferd og tilpassa respons, opne datasøk og tilrådings- og annotasjonssystem som moglege, men stort sett uprøvde metodar i informasjonssøking. Alt dette er også vel og bra gjort greie for, men er det sant at dei er uprøvde eller ukjende? Mitt inntrykk er at det meste av dette er del av den digitale standardverda som svært mange av oss er vande med. At produktspeskeret frå kultursektoren – irekna ordboksverda – heng noko etter, er ei anna sak.

Og kvar er motførrestellingane hos Bothma (s. 91f) og Bergenholz & Bergenholz (døme i illustrasjon s. 200) til informasjons-søk på nettet gjennom leksikografiske verkty? Hyperlenking til til dømes Wikipedia krev laupande oppsyn med ei kjelde der ein ikkje har kontroll over innhaldet. Etter det føregåande blir vel ingen overraska over å høyra at eg er skeptisk til hyperlenking til ekssterne kjelder som del av eit ordbokstilbod.

Samankopling av vitskapleg verifiserte databasar er noko anna, sjølv om det også vil krevja krav til driftsstabilitet og innhaltskontroll på båe sider. Ei oppkoppling mellom til dømes *Metaordboka* – lemmaregisteret for *Norsk Ordbok* – og gjenstandsregistera i norske museum ville vera nyttig og bra. Digitale kart som syner kvar i landet eit ord er brukt, vil vi gjerne ha. Å kunna ta steget frå ordet til staden, og få informasjon om alt frå gjennomsnittsinntekt i kommunen til arkeologiske funn, er heller ikkje å forakta. Men det må vera koplingar mellom kvalitetssikra basar som blir vedlikehaldne, og det må vera eit redaktøransvar attom, slik at nokon har ansvar for vedlikehald og feilretting.

Multifunksjonelle ordboks.databasar med ulike grensesnitt er like arbeidskrevjande å laga som tradisjonelle papirordbøker, i den forstand at dei må planleggjast og skrivast. Om ein held fast ved

kravet om at innhaldet i ein leksikografisk database skal hanga saman og vera innbyrdes proporsjonert, må heilskapen planleggjast under eitt. Utan heilskapsplanlegging blir resultatet både mindre pålitande og mindre interessant enn produkt av ei stykkevis tilnærming. Ein database som inneheld dei 5000 viktigaste rekneskapstermane på dansk, spansk og engelsk, med institusjonell forankring ved til dømes universitetet i Aarhus, har såleis ein implisitt vitskapleg garanti, der ein reknar med at institusjonen går god for kvalitet og relevans, mellom anna når det gjeld heilskap, utval, proporsjonering og vedlikehald. Ein database med fleire tusen rekneskapstermar på tre språk, men utan redaktør opplysningar eller institusjonsforankring, vil ikkje ha den same tilliten.

### 3.5. Arbeidsmengd – for kven?

Funksjonsteorien har krav til produktutforminga, men teorien er også uttrykt i krav til brukarane. For å treffa rett i datamengda, må ein brukar av *Ejendomsordbogen* beskriva seg sjølv og informasjonsbehova sine i ein brukarprofil med minst to nivå (s. 132). Når det gjeld *Base lexicale du français* (BLF) står det at «for every need, the user must fill in a form and answer specific questions that will lead to the information requested». (s. 276). Alle som har mislukkast med – eller har nekta å vera med på – beskrivingar av eigen profil på nettet, vil forstå at lista her kan vera lagt lovleg høgt for brukarane.

Det syner seg annanstad i denne boka at tilgangssystemet til BLF faktisk er for vanskeleg. Heid gjer i sitt bidrag (kapittel 14) greie for ein freistnad på å testa tre mindre nettordbøker (godt under 10 000 artiklar) frå brukarsynsstad, og er – som alltid – nøktern og etterretteleg. Han peikar på at brukbarheitstesting er ei omfattande verksemd i all IKT-produksjon, både når det gjeld dingsar og program, og at det etter kvart finst mykje røynsle med kva slags testing som gjev resultat. Tolv til femten testarar frå ei

etter måten homogen brukargruppe skal vera nok til å finna dei viktigaste funksjonalitetsbristane i eit produkt. Han har mykje fornuftig å seia om testutforming, resultatmåling og truverd for testresultat.

I forsøket Heid skildrar, blir BLF prøvd ut av 33 studentar som tek universitetskurs i omsetjing mellom tysk og eit anna språk. Der viser det seg at testarane alt er opplærte, av Google. Dei er vane med, og godtek, grove innleiingssøk i ei Google-liknande rute, følgt av omsøk og til slutt manuell sortering. Dei meistrar derimot ikkje tilgangssystemet i BLF. Dette kan tyda på at omfatande og detaljerte tilgangsstigar (med brukarprofiling) inneber for mykje skjemautfylling utan påviseleg nytteverknad. Prøving, feiling og korrigering eller innsnevring av søk kjennest tryggare, der har brukaren kontroll over heile prosessen.

Ein annan artikkel som skil seg ut, er Lews greie oversyn over engelskspråklege nettordbøker. Han peikar på interessante leksiografiske innovasjonar som Internett har ført med seg. Ordboksnettstader som blir redigerte nedanfrå («bottom-up dictionaries») kan knapt tenkjast utan Internett. Men Lew syner også at ingen av desse ordboksnettstadene har utvikla seg til å bli autoritative kjelder for nøktern opplysning om ordtilfang eller tyding. I staden blir dei kontaktpunkt for folk med skråblikk på tilveret. Dette stemmer med dei røynslene eg kjenner til frå tilsvarande tiltak i Noreg; det er slangordbøker som ser ut til å vera produktet med størst appell, og utbygging og drifting over tid er vanskeleg å få til utan institusjonell forankring.

Lew dreg fram multimedietilnærminga som ein skilnad mellom digital leksikografi og papirordbøker. Det at ein kan knyta bilet, kart, lyd og film til eit lemma, er ein klar skilnad. Men Lew peikar også på ei avgrensing ved desse tillegga, som understrekar kor språkbunden informasjonssjangeren er: Dersom multimedie-tillegga ikkje blir indekserte, er dei heller ikkje søkbare.

### 3.6. Kva manglar?

Alle leksikografar som har halde på sidan 80-talet, har opplevd at tilgjenget til IKT har endra faget. I denne boka finn eg lite som speglar dei røynslene innanfrå. Dei viktigaste endringane som gjeld innhald, slik eg har opplevt det, er (1) overgangen frå laupande (og til dels ukategoriserbar) tekst til fokus på innhald i definerte kategoriar; (2) avgrensing av kategoriane frå kvarandre; (3) systematisk organisering av kategoriar i høve til kvarandre, igjen med grunngjeving; (4) eit følgjekrav om å grunngje kva for kategoriar som skal med, i kva for rekkjefølgd, og kvifor; (5) utskiljing av alle former for akribi og formalia i eigne tabellar; (6) sterkt auka fokus på beskriving og organisering av tydingsinnhald; (7) ei heilt anna forståing for sambandet mellom ordtydingar, og for nyansering i ordval og uttrykksmåte.

Vidare er spørsmålet om mengdehandtering versus handarbeid ikkje omtala. Digitaliseringa av leksikografien har gjort det mogleg å handtera svært store opplysningsmengder raskt og effektivt, og sikra stringent materialhandsaming, med kontroll på og innsyn i kjelder. Her står det framleis mykje att å gjennomføra for einskilde leksikografiske produkt, men at det er mogleg, kan ingen dra i tvil. Derfor er det påfallande at det ikkje er nemnt.

Har digitalisering gjort leksikografien meir vitskapleg? Aarhus-skulen er oppteken av å forsvara leksikografien sin plass i forskarverda (Bergenholtz & Bergenholtz s. 189–190), men han utnyttar ikkje den digitale leksikografiens bidrag til vitskapleggjering av omgrep og metodar, både i og utanfor lingvistikken. Det at ein leksikograf i dag må avgrensa kategoriar og omgrep, definera dei og eksplisitt formulera samanhangen mellom dei for å få eit digitalt leksikografisk verkty til å fungera som føresett, har heilt opplagt vore eit viktig bidrag til å gjera leksikografien til eit vitskapsfag som forsvarar ein plass ved universiteta.

I prosessen med å digitalisera leksikografisk arbeid har relasjonsdatabasen, med innskrivingsverktøy og søkjesystem, lege i den eine vektskåla, medan tekstkorpusa med sine søkjesystem ligg like tungt i den andre. Med dette åket på skuldrene går dagens leksikografar støtt i motbakke. Det at leksikografien held på, utviklar og forsvarar sin vitskaplege status, er knytt til at ein i dag på ein heilt annan måte enn for tretti år sidan kan koma vitskapens grunnkrav i møte, nemleg syna at når mål og metodar for eit vitskapleg produkt er definerte etter fagets beste praksis, så er produktkvaliteten føreseileg og kontrollerbar. Slik eg ser det, er det dette som gjev leksikografi ein sikker plass i akademia. Men drøftinga av desse aspekta ved digital leksikografi manglar i denne boka.

No har eg kome meg gjennom heile boka *e-Lexicography* éin gong. Det blir neppe fleire heile gjennomlesingar, og eg er vel ikkje sikker på kor sterkt eg vil rá nokon annan til å ta boka for seg, med unntak av artiklane til Heid og Lew. Det som er sagt ovanfor om heilskapsplanlegging, proporsjonering og innhaldskontroll, gjeld ikkje berre ordbøker. Det gjeld også for fagbøker. Og reklamen må svara til innhaldet.

Det vil seja at det framleis finst oppgåver for den som vil laga ei heilskapleg innføringsbok om digital leksikografi per i dag. Ei bok er undervegs: *Electronic Lexicography* (Granger & Paquot i trykken), kjem seinare i haust. Fleire slike tiltak bør helsast velkomne!

For å gripa attende til baksideteksten på *e-Lexicography*: Er det slik at «dictionaries as we know them are a thing of the past»? Eg trur vel helst ikkje det. Hamen kan nok bli endra. Men innhaldet i gode ordboksværk kjem til å leva vidare, og behovet blir ikkje mindre i tida som kjem.

## Litteratur

- Granger, Sylviane & Magali Paquot (red.) (i trykken): *Electronic Lexicography*. Oxford: Oxford University Press.
- Metaordboka* <<http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=571&appid=7>> (august 2012).
- Norsk dataordbok* (1997). Knut Hofstad, Ståle Løland & Per Scott. Oslo: Norsk Språkråd/Universitetsforlaget.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (1950–). Alf Hellevik et al. (red.). Nettutgåve: <<http://no2014.uio.no>> (august 2012).
- Oxford English Dictionary*. Nettutgåve. Oxford: Oxford University Press. <<http://www.oed.com/>> (august 2012).
- Rundell, Michael (2012): 'It works in practice but will it work in theory?' The uneasy relationship between lexicography and matters theoretical. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Julie Matilde Torgersen (red.): *Proceedings of the 15th EURALEX International Congress*. Oslo: Department of Linguistics and Scandinavian Studies, University of Oslo, 47–92.

Oddrun Grønvik  
hovedredaktør, Dr. litt. H. C. University of Zimbabwe  
Norsk Ordbok 2014  
Institutt for lingvistiske og nordiske studium  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1021 Blindern  
NO-0315 Oslo  
[oddrun.gronvik@iln.uio.no](mailto:oddrun.gronvik@iln.uio.no)



Detta nummer av LexicoNordica har betydelsebeskrivningar i nordiska ordböcker som huvudtema. Temat är centralt inom lexikografin eftersom arbetet med att identifiera och i nästa steg beskriva betydelsen eller betydelserna hos en lexikalisk enhet är en viktig del av det praktiska lexikografiska arbetet.

Utöver de inledande tematiska bidragen innehåller tidskriften också ett icke-tematiskt bidrag, ett antal recensioner av lexikografiska produkter och metalexikografiska verk samt några rapporter och meddelanden om bl.a. avhållna och kommande konferenser.

Arbeten som önskas recensera skickas eller anmäls till tidskriftens huvudredaktörer eller till någon av medlemmarna i redaktionskommittén.

LexicoNordica  
Utgiven av  
Nordiska föreningen för lexikografi (NFL)  
Trycks med stöd av  
Nordplus Nordiska språk

Tidskriften kommer ut varje år i november  
och kostar NOK 250  
för icke-medlemmar av Nordiska föreningen  
för lexikografi.

Tidskriften kan beställas från:

NFL/Rikke Hauge  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 Oslo  
Tel. +47 22541973

E-post: [rikke.hauge@sprakradet.no](mailto:rikke.hauge@sprakradet.no)

- 1 · 1994 Nordiska ordböcker i ett samhällsperspektiv
- 2 · 1995 Grammatik i bilingvala nordiska ordböcker
- 3 · 1996 Korpusbaserad lexikografi i Norden
- 4 · 1997 Ordböcker om små språk i Norden
- 5 · 1998 Facklexikografi i Norden
- 6 · 1999 Invandrarordböcker i Norden
- 7 · 2000 Nordiska lexikografiska traditioner
- 8 · 2001 Ordböcker mellan de nordiska språken
- 9 · 2002 Språknormering i nordiska ordböcker
- 10 · 2003 Ordbokskritik i Norden
- 11 · 2004 Bilingval lexikografi i Norden
- 12 · 2005 Elektroniska ordböcker i Norden
- 13 · 2006 Historiska ordböcker i Norden
- 14 · 2007 Lexikon och encyklopedier i Norden
- 15 · 2008 Ordboksanvändning i Norden
- 16 · 2009 Ordförbindelser i nordiska ordböcker
- 17 · 2010 Lexikografi och språkteknologi i Norden
- 18 · 2011 Onomasiologiska ordböcker i Norden
- 19 · 2012 Betydelsebeskrivningar i nordiska ordböcker